ALVER
KOMMUNE

Mårstig Bygg As
Hylkjeflaten 32A
5109 HYLKJE

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: Ref.:8J84UZ-Skjemanr.:3934 | Linda Hammersvik Folkestad | 02.02.2023 |
| Vår: 23/264 - 23/9554 | linda.folkestad@alver.kommune.no | |

# Avslag rørleggermelding - gbnr 309/37 Hjertås

Me viser til røyrleggarmelding motteke 06.01.2023 med vedlagd situasjonsplan(VA-kart)

| | |
|---|---|
| **Adresse:** | Mongsedalen 62 – Gbnr 309/37 |
| **Type bygg:** | Nybygg – garasje med bueining |
| **Type arbeid:** | Tilknyting kommunalt vatn, privat felles avløpsanlegg |

Saka gjeld søknad om løyve til å knytte ny bueining i garasje på kommunalt vatn.

For å kunne knytte seg på kommunalt vatn med ny bueining må ein ha godkjent utsleppsløyve for bueininga. Anlegg ein har tenkt å knytte bueininga på, er eit privat avløpsanlegg som ikkje er dimensjonert for dei bustadene som allereie er knytt på anlegget. Da anlegg ikkje har kapasitet til å handtere det avløpsvatn som allereie vert ført på anlegget, kan ein ikkje knytte på ei ny bueining.

Samferdsel, veg, vatn og avløp forvaltning kan ikkje gje løyve til å knytte ny bueining på kommunalt vatn før fellesanlegg er oppgradert. Nytt anlegg må ha kapasitet til å handtere dei bustadene som allereie er knytt på, samt ny bueining.

**Vedtak:**
Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning avslår søknad om løyve til å knytte ny bueining på kommunalt vatn.

**Grunngjeving for avslag:**
For å kunne knytte seg på kommunalt vatn skal ein ha godkjent utslepp (vatn inn = vatn ut).
Da eksisterande anlegg har for liten kapasitet til å handtere dei bustadane som allereie er knytt på anlegget, kan kommunen ikkje gje løyve til å knytte ny bueining på kommunalt vatn.

Før vi kan gje løyve til å knytte ny bueining på kommunalt vatn, må felles avløpsanlegg oppgraderast slik at anlegg kan handtere avløpsvatn frå dei bustadene som allereie er knytt på og bueininga som ein ynskjer å knytte på anlegget.

Ein kan søkje om kommunalt vatn for bueininga når anlegg er oppgradert og har tilstrekkeleg kapasitet.

**Konklusjon:**
Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning  avslår søknad om løyve til å knytte ny bueining på kommunalt vatn, da bueininga ikkje er sikra godkjent avløp.

**Klage**
Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

**Mynde**
Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-
avløp-forvaltning

| | |
|---|---|
| Arne Helgesen | Linda Hammersvik Folkestad |
| Avdelingsleiar | Ingeniør |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**
Alver kommune v/Miljø og tilsyn
Byggesak v/sakshandsamar

| | | | |
|---|---|---|---|
| Henrik William Gundersen | Mongsedalen 62 | 5918 | Frekhaug |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Mårstig Bygg As | Hylkjeflaten 32A | 5109 | HYLKJE |